

**Styremøte før ekstraordinært årsmøte, onsdag 11. oktober**

Deltakarar: Bengt, Siv, Anders, Sunniva, Renè, Kari-Anne og Karen(referent).

**• Endring i vedtak:**

Flora Turlag sitt ekstraordinære årsmøte pr. 11.10.23 vedtek å stille dugnadsverdi på minimum 50 000,- basert på kostnadskalkyle pr. 11.10.2023 for å realisere bygget som planlagd innanfor kostnadsramme. Flora Turlag løyver kr 2 400 000,- av eigne midlar inklusiv innsamla midlar frå lokalt næringsliv til øyremerka tilskot til DNT Sogn og Fjordane for kjøp av bygningsmassen på gbr./nr. 28/146/103/111/114.

Vedtaket var gyldig under føresetnad av at DNT Sogn og Fjordane fattar styrevedtak om å ta imot øyremerka pengegåve og etablere dette som skissert med punkta over. Det gjorde dei torsdag 13/10.

Vedtaket blei samrøystes godkjent av styret.

**Grunnlag for endring av vedtaket:**

Berre nokre dagar før årsmøtet hadde vi møte med Kinn kommune, Vestland fylkeskommune og DNT Sogn og Fjordane ved dagleg leiar og styreleiar. Der fekk vi informasjon om at på grunn av nye direktiv i departementet kan ikkje lokale turlag i DNT søke om speleemidlar til friluftslivanlegg. Det var derfor ønskeleg at DNT Sogn og Fjordane er ansvarleg eigar og søker av tiltaket. DNT Sogn og Fjordane inngår ein driftsavtale med oss, der ansvaret for all framtidig drift, vedlikehald, og utgifter som dette medførar, skal ligge hos Flora Turlag. DNT Sogn og Fjordane skal ikkje ha økonomiske eller driftsmessige forpliktelser inn i prosjektet.